



Har Oliver, Olve og Linnea Kvinnherads beste tilbod på juletre?

Dei som har trudd dei må ut av bygda for å få kjøpt juletre, har teke skikkeleg feil. Det slepp vi i år. Det syt dei to 5.klassingane Oliver Enes og Olve Simonnes Tveit for. Dei to sel nyhogde juletre utanfor Elins Matgleder. Flotte juletre, og på pris trur eg dei må vera best i heile kommunen! For 150,-kroner kan ein få kjøpt eit flott juletre.

Oliver Enes kom heim frå Spania på ferie i går. I dag skulle det hentast juletre til eige bruk. Kammeraten Olve var med, og dei to gutane såg straks muligheter i alle dei fine juletre på garden. Dermed var salget i gang!

Medan dei ferske julebrøda til mora og andre godsaker går unna inne i butikken sel Oliver og kompisen skogsferske juletre utanfor butikken. Ferskare varer får ein ikkje! Gutane fortel at dei skal henta fleire tre i morgon, for det er så kort veg til juletreplantasjen deira. Veslesøstera til Oliver, Linnea, hjelper dei to gutane.

No håpar dei at mange set pris på det gode tilbodet deira og kjem og handlar med dei.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.